

Frp og avtalebrot

VbVp har den seinare tida sett fokus på kommunestyrevedtaket av 19.mai der det vart bestemt at Brandal skule skal omregulerast og seljast. I samband med det journalistiske arbeidet til avisar har også gruppeleiaren i Folkelista vorte spurd om kommentar til ein avtale som Folkelista, Frp og Sv gjorde etter valet i 2007. Folkelista sin representant har svart at avtalen er broten ved fleire høve.

Avtalen det her er snakk om, er at desse tre partia skulle støtte framlegg om offentleg skule for 1.-7.skuleår i Brandal mot at Frp fekk 1.varaplass til ei fellesliste til formannskapet. Frp tok initiativet til avtalen og der var ikkje knytt andre vilkår til han. Dei fekk tildelt 1.varaplass den same kvelden.

I torsdagsavisa hevdar kommunestyregruppa i Frp at dei ikkje har brote avtalen. Dei viser til styrevedtak i Frp der vilkår til avtalen er nedfelt. For leseren er det viktig å vere klar over at styrevedtaket med vilkåra som Frp viser til, vart gjort fleire dagar etter at avtalen var inngått. Vilkåra er såleis ikkje ein del av avtalen. Dette går også fram av avisoppslaget som Frp viser til i innlegget sitt.

Alle skjønar at dersom ein skal oppnå offentleg skule i Brandal, må ein ha hus å halde til i. Og i påvente av offentleg skule, må friskulen kunne eksistere.

Med vedtaket av 19.mai er det ikkje tvil om at Frp har brote avtalen. Tidlegare har dei brote avtalen ved å unnlate å stø framlegg om offentleg skule der. No har dei også aktivt hindra at der skal vere skule av noko slag i det heile.

Dette synest vi naturlegvis er trist, men det er lærerikt.

Kommunestyregruppa i
Folkelista for Hareid kommune